



Hordaland Fylkeskommune
pb 7900
5020 BERGEN

Etne, 24.05.2017

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkiv:	Sakshandsamar:
	16/1443/17/5872	N - 709	BEH

Omlegging av takst- og rabattsystemet i igangsatte bompengeprojekt i Hordaland - Stordalstunnelen

Etne kommunestyre - 024/17:
Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Samrøystes

1. Etne kommune ber om om at ny takst- og rabattordning vert innført for E134

Åkrafjorden. Dagens tilleggsavtalar for å oppnå lokal rabatt vert avvikla.

2. Det vert innført ein rabatt på 20 pst. for kjøretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig brikkeavtale. Det vert ikkje gitt rabatt for kjøretøy i takstgruppe 2.
3. Takstene vert sett til (2017-kroner):

Kr. 46,- for takstgruppe 1

Kr. 62,- for takstgruppe 2

4. Dersom bompengeselskapet søker og får innvilga tilskot frå tilskotsordninga vert nye takster kr. 41,- for takstgruppe 1 og kr. 56,- for takstgruppe 2.
5. Dagens ordning utan passeringstak vert vidareført.
6. Gjeldande fritaksordning vert ståande uendra.



Med helsing

Beate Hetleflåt
informasjonskonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



SAKSUTGREIING

ETNE KOMMUNE

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskap	09.05.2017	022/17
Etne kommunestyre	23.05.2017	024/17

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Odd Inge Vestbø	N - 709	16/1443

Omlegging av takst- og rabattsystemet i igangsatte bompengeprojekt i Hordaland - Stordalstunnelen

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

1. Etne kommune ber om om at ny takst- og rabattordning vert innført for E134

Åkrafjorden. Dagens tilleggsavtalar for å oppnå lokal rabatt vert avvikla.
2. Det vert innført ein rabatt på 20 pst. for kjøretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig brikkeavtale. Det vert ikkje gitt rabatt for kjøretøy i takstgruppe 2.
3. Takstene vert sett til (2017-kroner):

Kr. 46,- for takstgruppe 1
Kr. 62,- for takstgruppe 2
4. Dersom bompengeselskapet søker og får innvilga tilskot frå tilskotsordninga

vert nye takster kr. 41,- for takstgruppe 1 og kr. 56,- for takstgruppe 2.
5. Dagens ordning utan passeringstak vert vidareført.

09.05.2017 Formannskap

Rådmann ber om at det vert lagt inn eit punkt 6 i tilrådinga.

"6: Gjeldande fritaksordning vert ståande uendra."

Røysting:

Samrøystes

F- 022/17 Vedtak:

TILRÅDING FRÅ FORMANNSKAP TIL KOMMUNESTYRE: Samrøystes

1. Etne kommune ber om om at ny takst- og rabattordning vert innført for E134

Åkrafjorden. Dagens tilleggsavtalar for å oppnå lokal rabatt vert avvikla.
2. Det vert innført ein rabatt på 20 pst. for kjøretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig brikkeavtale. Det vert ikkje gitt rabatt for kjøretøy i takstgruppe 2.
3. Takstene vert sett til (2017-kroner):

Kr. 46,- for takstgruppe 1
Kr. 62,- for takstgruppe 2
4. Dersom bompengeselskapet søker og får innvilga tilskot frå tilskotsordninga vert nye takster kr. 41,- for takstgruppe 1 og kr. 56,- for takstgruppe 2.
5. Dagens ordning utan passeringstak vert vidareført.
6. Gjeldande fritaksordning vert ståande uendra.

23.05.2017 Etne kommunestyre

K- 024/17 Vedtak:

Samrøystes

1. Etne kommune ber om om at ny takst- og rabattordning vert innført for E134

Åkrafjorden. Dagens tilleggsavtalar for å oppnå lokal rabatt vert avvikla.

1. Det vert innført ein rabatt på 20 pst. for kjøretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig brikkeavtale. Det vert ikkje gitt rabatt for kjøretøy i takstgruppe 2.
2. Takstene vert sett til (2017-kroner):

Kr. 46,- for takstgruppe 1
Kr. 62,- for takstgruppe 2

1. Dersom bompengeselskapet søker og får innvilga tilskot frå tilskotsordninga vert nye takster kr. 41,- for takstgruppe 1 og kr. 56,- for takstgruppe 2.
2. Dagens ordning utan passeringstak vert vidareført.
3. Gjeldande fritaksordning vert ståande uendra.

SAKSUTGREIING:

Innleiing (bakgrunn for saka)

Statens vegvesen har fått i oppdrag av det norske storting å sjå på bompengordninga for mange prosjekt, og har lagt fram ein konklusjon dags. 31.03.2017 som aktuelle kommunar vert oppmoda til å ta stilling til.

Problemstilling

Lokale rabattordningar vert tilrådd avslutta og nye rabattordningar innført for å effektivisere innkrevinga saman med andre bompengeprojekt.

Vurdering

Dagens rabattsystem er svært komplekst. Eit oversyn viser at svært mange bompengeprojekt har eigne lokale avtalar for rabatt. Rabatten varierer fra 5 til 50 prosent. I det nye systemet vert det lagt opp til ei standardisering av rabatt og fjerning av lokale særordningar. På den måten vil brikkeavtalen for E134 Åkrafjorden gjelde likt i alle landets bompengeanlegg og vice versa. For E134 Åkrafjorden vil omlegginga resultere i ei vesentleg forenkling av systemet, mellom anna i IKT-systemer som ligg bak. Det kan redusere bompengeselskapet sine administrasjons- og innkrevingskostnader og dermed sikre at ein større del av dei innkrevde bompengane går til vegbygging. For trafikantene vil omlegginga gi enklare løysing fordi det rekk med ein bompengavtale for heile landet. I tillegg vil ordninga rette opp uheldig fordelingseffekt. I dagens ordning vert det kravd innskudd på kr. 10 750 for takstgruppe 1 og kr. 20 000 for takstgruppe 2 for å oppnå 50% rabatt i E134 Åkrafjorden. For bompengeselskapet er det også ein meirkostnad knytt til forvaltning av forskota.

Bompenginnkrevjinga til E134 ved Åkrafjorden og finansiering av Rullestadvjuvet starta i desember 2001. Prosjektet vart nedbetalt i 2014. Gjennom Prop. 156 S (2012-2013) vedtok Stortinget at innkrevjinga ved Åkrafjorden skulle forlengast til også å delfinansiere Stordalstunnelen.

Styringsramma for Stordalstunnelen var i proposisjonen 426 mill. kr. Av dette var det lagt opp til at statlege midlar skulle finansiere 230 mill. kr. og bompengar 196 mill. kr (2013-kroner). Utviding av innkrevjinga til Åkrafjorden til også å omfatte Stordalstunnelen vart handsama lokalpolitisk i Etne kommune 21. mai 2012. Fylkestinget i Hordaland handsama saka i møte 12. juni 2012.

For Etne kommune har den nye ordninga liten direkte konsekvens, men for dei som bur i Fjæra-området, vil gratispasseringane verte avslutta dersom tilrådinga vert følgd. Det er sjølvstundt uheldig når ein kommune vert «delt» av ein bomstasjon. Dette vert noko kompensert av 10% rabatt i alle bomstasjonar i landet når ein har brikkeavtale.

Vedlegg i saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
03.04.2017	Omlegging av takst og rabattsystemet for E134 Åkrafjorden	1371079

Saksgang:

Formannskapet
Kommunestyret

Utskrift til:

Statens vegvesen, Region Vest, Postboks 43, 6861 Leikanger
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN